



Fleire i lokalmiljøet har bidrag i utstillinga på Rød (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utstillingen "Frå heimastrikk til mamelukk" skal stå til helga 10./11. september.
For dei som ikkje har høve til å vera med på museumsdagen på søndag, er det råd å sjå utstillingen seinare.
Samlinga vert opna etter avtale.

Det vert og lagt opp til ein open historisk kveld med eit fagleg føredrag på Bygdetunet Rød, slik vi har hatt det i mange år før utstillingen vert demontert.

Nokre har meldt frå om at ein har tekstilar som ville høva godt med årets tema. Før har vi oppmoda om lån av gjenstandar. Slik er det ikkje i år. Med bakgrunn i det som er i samlinga på Rød og av det vi har henta nn frå nokre eigarar, er plassen i Lemstova brukt. Styret oppmodar alle om å ta vare på lokale tekstilar, klede og heimastrikk.

Bygdetunet Rød tek mot gåver, men sjeldne og verdfulle plagg vert deponerte i tekstilsamlinga på Sunnhordland Museum, Stord.

Tekst: Kristian Olav Bringedal